

MORDØLA KRAFT

7. september 2015

Tilsvaer på innkomne høyringsfråsegner i samband med høyringa av konsesjonssøknad for Mordøla kraftverk, Luster kommune.

NVE – Konesjons- og tilsynsavdelingen
Postboks 5091
0301 Oslo

Bergen/Luster 7.9.2015

Mordøla Kraft (MK), Luster kommune. Svar frå Mordøla Kraft i samband med høyringsfråsegner til konsesjonssøknaden.

Bakgrunn

Vi viser oversending av høyringsfråsegner til Mordøla kraftverk samt e-post der Dykk ber om Mordøla Kraft (SK) sine kommentarar til desse.

Luster kommune (LK):

1. *Luster kommunestyre tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Mordøla kraftverk på følgjande vilkår:*
 - a. *minstevassføringa om vinteren skal setjast lik alminneleg lågvassføring*
 - b. *det skal gjennomførast støydempende tiltak for å bringa støyen frå turbin og avlaup i samsvar med gjeldande grenseverdier*
 - c. *dei avbøtande tiltaka og utføringa elles skal vera slik det går fram av konsesjonssøknaden*

Mordøla Kraft (MK) :

1. Det er veldig positivt at LK er positive til føreliggande søknad om konsesjon på Mordøla kraftverk. Vi kommenterer vilkåra som LK tilrår:
 - a. I høve til minstevassføring om alminneleg lågvassføring om vinteren vil dette redusere produksjon for prosjektet frå 12,1 GWh til 11,9, og medfører eit meir marginalt prosjekt med ein tilhøyrande utbyggingspris på 4,98 kr/kWh. Vurderingane som er utført i konsekvensanalysen tilrår i hovudsak minstevatn om sommaren. Vi vurderer at ei høgare minstevassføring enn 150 l/s om sommar og 20 l/s om vinteren vil gjere det utfordrande å realisere prosjektet. Sjå også vedlegg der tabell syner ulike alternativ med minstevasslepp.
 - b. Det er lagt opp til støydempende tiltak i kraftstasjon slik at ein unngår sjenanse i området og held dette på eit nivå som er i samsvar med gjeldande grenseverdier i kommunen.
 - c. Ok.

Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane (FK):

1. *Om og når løyve vert gitt må krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 setjast som konsesjonsvilkår.*

2. *Mordøla kraftverk. Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Det er ein føresetnad at minstevassføringa frå inntaket om sommaren vert auka til minst 5-persentil.*

Mordøla Kraft (SK) :

1. Vi vil sjølvsagt etterkomme krav om undersøking etter kulturminnelova § 9.
2. Det er svært positivt at også Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane (FK) tilrår kraftprosjektet etter omsøkte alternativ, men med vilkår om at minstevassføringa om sommaren blir heva til 5 persentil. Omsøkt minstevassføring ligg på 150 l/s og er 15 l/s under 5 persentilverdien på 165 l/s. Sjå også vedlagt tabell som syner konsekvens av ulike minstevasslepp.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FM):

1. *Vi meiner at Mordøla kraftverk kan realiserast med akseptable konsekvensar for allmenne interesser. Det må føresetjast at eit inntak nedanfor Mordølefossen kan etablerast med minst mogleg synlege inngrep i fosselandskapet, og at fosseenga ikkje vert neddemd*
2. *Det må føresetjast at ein inntaksdam ikkje vil demme opp noko areal innanfor fosseenga.*
3. *Det er ikkje noko hinder for oppgang av anadrom fisk fra fjorden, men tilhøva for fisk er dårlege på grunn av grovt botnsubstrat, lite vatn i periodar og eit bratt elvelaup. Eit eventuelt potensial for anadrom fisk og ål er avgrensa til den nedste delen av elva, og dette vert oppretthalde med eit kraftverksavlaup på kote 17.*
4. *For å kunne oppretthalde livsgrunnlag for vassstilknytte artar, må det føresetjast ei minstevassføring om vinteren også, minst på nivå med 5-persentilen eller alminneleg lågvassføring. Minstevassføringa om sommaren må etter vårt syn aukast til 5-persentilnivå.*

Mordøla Kraft (SK) :

1. Det er veldig positivt at også FM meiner tiltaket kan realiserast med akseptable konsekvensar for allmenne interesser.
2. Ja, tiltaket kan gjennomførast utan å demme ned areal knytt til fosseenga.
3. Ok, det er fint å få dette avklara av FM.
4. Vi har kommentert dette tidlegare og ser at minstevassføringa som her kjem opp som forslag vil gjere prosjektet meir marginalt. Vi har foreslått ei minstevassføring om sommaren på tilnærma 5 persentilverdi; 150 l/s noko som vil kunne gje ein produksjon på 12,1 GWh. Dette er nesten ¼ del av middelvassføringa om sommaren. Skulle ein også krevje minstevassføring på tilnærma vinter 5 persentilverdi; 20 l/s, vil det redusere produksjonen til 11,9 GWh.

Statens vegvesen:

1. *Vi har følgjande kommentarar til søknaden, alle i høve nærleiken til fylkesvegane 331, 333 og 604:*
 - a. *Der det vert behov for ny vegtilkomst eller der det vert utvida bruk av eksisterande avkøyrslé, må det søkjast Statens vegvesen om ny avkøyrslé eller utvida bruk av eksisterande avkøyrslé.*
 - b. *Alle tiltak innanfor byggjegrrensa til fylkesvegane, som er 15 meter, må det søkjast om, dette gjeld og massedeponi, riggområder og oppstillingsplassar etc.*

- c. *Ei eventuell føring av røyrgate eller kraftleidning langs veg må ikkje komme nærare veg-skulder/fylling enn 3 meter, byggjegrensa på 15 meter gjeld og her.*
- d. *Ynskjer de likevel å føre leidningar/røyr nærare enn dette eller inn på Statens vegvesen sin eigedom, så må de søkje om dette.*

Mordøla Kraft (MK):

OK, vi tek informasjonen til etterretning. Før MK startar opp med detaljplanarbeidet blir det naturleg å gjennomføre eit møte med vegvesenet om dette slik at nødvendige søknadar blir innsendt og avklaringar utført i forkant av oppstart av byggjeprosess.

Luster Energiverk AS (LE):

Mordøla og Åseelvi må sjåast i samanheng med Dosjagrovi i Luster og Bergselvi i Fortun. Transformator T9 i Fortun er på 10 MVA og må skiftast til 35 MVA. Hydro Energi har kostnadsrekna dette til 1 1,1 mill kr. Då dette blir produksjonsrelaternt ett, må utbyggjarane a kostnaden. Linja Skjolden - Fortun må forsterkast. Kostnad fordelast på Mordøla, Åseelvi, Døsjagrovi og Luster Energiverk As nett. Linja Mordøla - Skjolden må forsterkast. Kostnad fordelast på Mordøla og Luster Energiverk As Nett.

Mordøla Kraft (MK) :

Frå eigne møter med områdekonsesjonær Luster energi er vi kjende med dette, men ser også andre alternativ til linjetilknytning som vi håpar er rimeligare enn forslaget til LE som vil medføre mNOK 13,2 i anleggsbidrag.

Sogn og Fjordane Energi (SFE):

1. *Ein felles flaskehals for sentralnettpunkta Leirdøla og Fortun vil være forbindelsen inn mot nye Sogndal trafostasjon. Statnett vurderte i 2013 ledig kapasitet her til 100MW ny produksjon. Det er søkt konsesjon meir enn dette. Statnett har nyleg innført ei eiga ordning for tildeling av ledig nettkapasitet. Denne ordninga vil gjelde for dette området.*
2. *I Fortun kan i tillegg 132/22KV trafo bli flaskehals.*
3. *I Leirdøla kan i tillegg utviding av 66/300kV trafokapasitet bli nødvendig. 66/22kV trafokapasitet er tilstrekkeleg*

Mordøla Kraft (MK) :

1. Frå eigne møter med områdekonsesjonær Luster energi er vi kjende med dette. Vi oppfattar også at det er søkt om meir produksjon enn det som er kapasitet til, men vi er ikkje kjend med at kapasitet som har konsesjon og som vil bli bygd overstig 100 MW.
2. Frå møter med områdekonsesjonær Luster energi er vi kjende med at denne trafoen er planlagt oppgradert.
3. OK.

Direktorat for mineralforvaltning

DMF har ingen merknader til dei fem småkraftverka, då ingen av dei kjem i konflikt med bergrettigheter eller kjende mineralske førekomstar.

Mordøla Kraft (MK) :
Ok.

Sogn og Fjordane turlag (SFT):

- 1. Mordølafossen er eit element i naturen som er viktig for flora og fauna. Søknaden tek vare på fossen og inntaket ligg litt nedenfor selve fossen. Det estetiske og fossesprøytsone er dermed teke vare på. Elveleia vidare mot fjorden vil føre mindre vatn og viktige naturområde er utsatt for endringar.*
- 2. Kostnadane ved Mordøla utbyggjing er store i forhold til dei kWh ein kan produsere. Og inngrepa i regionen er allereide mange, ein forventer at samfunnsnyttan her er større om ein ikkje byggjar ut.*

Mordøla Kraft (MK):

- 1. Vi synest å ha tilpassa dei viktigaste verdiane i Mordøla i forhold til å leggje inntaket nedstraums fossen.*
- 2. Litt usikre på korleis vi skal tolke dette, men ser gjerne å diskutere dette nærmare på NVE si synfaring.*

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane (NSF):

- 1. Landskapet. Ovanfor inntaket ligg den godt synlege Mordølafossen, ein viktig del av det storarta landskapet av nasjonal verdi ved Lustrafjorden. Sidan fossen og den mest synlege elvestrekninga nedanfor ikkje er med i planen, vert det ikkje noko direkte påverknad av vassfallet. Sidan heile inngrepet ligg nede i skogen, er det truleg mogeleg å hindre at vassvegen og stasjonen indirekte får nemneverdig negativ effekt på opplevinga av fosselandskapet. I dette tilfellet er neppe konsekvensane for landskapet grunnlag for tunge innvendingar mot prosjektet.*
- 2. Samla konklusjon om søknadene i Lustrapakken. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane går sterkt i mot å gje konsesjon til utbygging av Rydøla og Åselvi. Også Mordøla og Kveken har tunge innvendingar mot seg på grunn av stor biologisk rikdom og påreknede skadar på den. Mot Kinsedal kraftverk er grunnlaget for innvendingar vesentleg mindre.*

Mordøla Kraft (MK):

- 1. Vi synest det er positivt at NSF ikkje har dei store innvendingane mot prosjektet i høve til landskap.*
- 2. Vi merkar oss at NSF har innvendingar mot prosjektet seg på grunn av stor biologisk rikdom, men håpar synfaringa med NVE vil kunne oppklare dette.*

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane:

Når det gjeld Mordøla er terrenget forma slik at det er markante høgdeforskjeller og eit svært bratt terreng i sona mellom inntak og grensa for villreinområdet. Me vurderar det difor slik at terrenget i stor grad vil «kamuflere» tiltaket i høve til villreinen. Reinen vil ikkje kome i kontakt med korkje inntak eller verte uroa av anleggsarbeid.

Mordøla Kraft (MK):

Ok. Vi er glade for at prosjektet ikkje vil være i konflikt med villreinen.

Anna Maria Finden og Arvid Alme/Gro Mangerøy- hytteeigarar:

- 1. Drikkevannsforsyningen. For å redusere skadevirkningene for hytteeierne, må utbygger tilrettelegge for en stabil vanntilførsel. Dette kan oppnås enten ved å etablere en kulp/terskel eller ved å hente vannet direkte i rør fra kraftverket. Det første alternativet vil være utsatt for ødeleggelser pga. steingang i elva under stor vannføring. Alternativet med å hente vann direkte fra kraftverket gir tilsynelatende en sikrere drikkevannstilførsel til hyttene, noe som ble formidlet til Bård Moberg (Norsk Kraft) og til de to utbyggerne som var tilstede på Folkemøtet i Skjolden 12/5-2015. Hvilket av alternativene som er best egnet bør imidlertid utredes videre med fokus på stabilitet og kvalitet av drikkevannet.*
- 2. Støy fra kraftverket. Hytte-eierne ønsker at utbygger vurderer å flytte kraftstasjonen 20-30m lenger opp fra veien. Dette vil gjøre kraftstasjonen mindre synlig fra veien og fjorden, og vil redusere støyen. Samtidig kan elvevannet tilbakeføres på en mer gunstig plass der elven gjør en sving utover (se kart). Ulempen er at fallhøyden reduseres med 5-6 meter.*
- 3. Hytteeierne ved elveutløpet ønsker ikke å motsette seg en utbygging av kraftverk i Mordøla, men hytteeiernes støtte er avhengig av at utbygger løser drikkevannsforsyningen til hyttene som skissert ovenfor og at det settes inn tilstrekkelige støyreducerende tiltak*

Mordøla Kraft (MK):

- 1. Det er som det står i søknaden eit sjølvpålagt vilkår å sikre vasstilførsel til hyttene. Korleis dette skal utførast i detalj vil ein avklare i detaljplanfasen, men vi har sett på dei ulike innspela som hytteeigarane her skriv om.*
- 2. Støy er også kommentert i fråsegna til kommunen. Vi er usikre på om det er nødvendig å heve kraftstasjonen til eit anna område for å oppnå dette, og vil sjå nærare på dette under synfaringa med NVE.*
- 3. Vi er glade for at hytteeigarane ikkje er negative til prosjektet dersom dei vilkåra dei nemner over blir løyste.*

Leif Inge Åstveit- privatperson:

Oppsummert kan jeg ikke se at en utbygging av Mordølavassdraget hverken har stor nok samfunnsmessig nytteverdi eller er tilstrekkelig utredet med tanke på biologisk mangfold til at det bør realiseres.

Mordøla Kraft (MK):

Det er leit at Åstveit ikkje er positiv til prosjektet. Vi ønskjer ikkje å gå i detalj på alle

påstandane her, men ettersom FM i S&F støttar prosjektet i forhold til fleire av dei verdiane som Åstveit her tek opp ønskjer vi å vise til dette.

Oppsummering/Avsluttande kommentarar

Vi registrerer at både kommunen, fylkeskommunen, og FM i S&F med nokre avbøtande tiltaket er positive til prosjektet.

Vi ser fram til sluttsynfaringa med NVE og ønskjer å oppklare vidare rundt prosjektet i terrenget.

På bakgrunn av dette tilrår vi NVE å gå inn for konsesjon på Mordøla Kraftverk – til liks med Luster kommune og Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane.

På vegne av grunneigarane i Mordøla Kraft,
vennleg helsing

Bård Moberg

Vedlegg

Tabell for konsekvens for ulike minstevasslepp:

	Sommer	Vinter	Årlig
Uten min. vf.	10,9	2,3	13,2
Med 0 l/s vinter og 150 l/s sommer	9,8	2,3	12,1
Med 20 l/s vinter og 100 l/s sommer	10,2	2,1	12,3
Med 24 l/s vinter og 165 l/s sommer	9,65	2,0	11,65